**Statens vegvesen**

Sunnmørsposten, annonse@smp.no
Møre og Møre-Nytt, annonse@morenytt.no

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Kurt Lødøen - 71274185 | 2007/081887-011 | | 16.11.2007 |

## Annonse (sendt pr. E-post 19. november 2007)

**"Varsel om oppstart av reguleringsplan for riksveg 651 Løvikneset-Årset i Volda kommune – Planprogram til offentleg ettersyn**

Statens vegvesen vil no i samarbeid med Volda kommune starte arbeid med reguleringsplan for riksveg 651 på strekninga Løvikneset-Årset. Føremålet med arbeidet er å skaffe formelt plangrunnlag for å rassikre strekninga Løvikneset-Hunneset og utbetre Årsettunnelen. Vegen vil inngå i ny stamveg E39 mellom Nordfjordeid og Volda sentrum. I samband med utarbeidinga av reguleringsplanen vil det bli utført landmålingsarbeid og undersøkingar i aktuelle område i marka for å kartlegge arkeologi og grunnforhold (jf. signallova § 1, oreigningslova § 4 og kulturminnelova § 11).

Det er utarbeidd eit forslag til planprogram med informasjon om prosjektet og med avklaringar om utgreiingsbehov og viktige problemstillingar i planarbeidet. Planprogrammet skal også avklare kva vegalternativ ved Homborset-Ervika som det skal arbeidast vidare med i reguleringsplanen, og om det skal leggjast fram reguleringsplan med fleire alternativ. Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn i tida 26. november 2007 til 14. januar 2008. Planprogrammet kan ein sjå på servicekontoret i Volda kommune, butikken i Fyrde, Statens vegvesen sitt distriktskontor på Sunnmøre (Vestre Olsvikveg 13 i Ålesund) og på heimesidene til Volda kommune og Statens vegvesen.

Moglege merknader til planprogrammet og innspel til reguleringsplanarbeidet skal sendast til Statens vegvesen Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde, firmapost-midt@vegvesen.no, innan 14. januar 2008."


| Postadresse | Telefon: 815 44 040 | Kontoradresse | Fakturaadresse |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | Telefaks: 71 27 41 01 | Fylkeshuset | Statens vegvesen |
| Region midt | firmapost-midt@vegvesen.no | 6404 MOLDE | Regnskap |
| Fylkeshuset | | | Båtsfjordveien 18 |
| 6404 Molde | Org.nr: 971032081 | | 9815 VADSØ |
| | | | Telefon: 78 94 15 50 |
| | | | Telefaks: 78 95 33 52 |